



Kåre Magne Holsbøvåg

Ivar Aasen og Romsdal

Første ferda Ivar Aasen gjorde utanom Sunnmøre gjekk til Romsdal. 26. juli 1840 reiste han over Ørskogfjellet og kom til prost Peter Vogelius Deinboll på Molde. Han ville at Deinboll skulle sjå på ein del planter i herbariet sitt som han var usikker på. Den botanikkinteresserte prosten fann ikkje store feil ved Aasens arbeid, men han hadde det travelt. Aasen fekk sjå Deinbolls «vel indrettede og meget vidløftige Herbarium». Han nemner at Deinboll ikkje hadde dei to floraene som han så gjerne skulle ha sett. Men han fekk sjå byen Molde. Klokkå tre 28. juli var han komen over fjorden til Remmem. Så barst det til fots tilbake over fjellet i «et meget suurt Veir og idelig Nedstrømmende regn». Kvart på ti om kvelden kom den våte ferda-mannen i hus på Solnør.

Professor Johs. A. Dale skriv i Norsk allkunnebok at Aasen ikkje fekk stor modkveiking på denne ferda.

Natta mellom 18. og 19. juli 1842 kom Aasen atter over Ørskogfjellet til Remmem. Han nemner at «en pyntelig Mand af et militært Udseende gav sig i Tale med mig».

Aasen gledde seg til å tale meir med han, men så viste det seg at underoffiseren ikkje skulle lenger enn til Molde. (Dette var Ola Aritson Remmem, f. 1799, sersjant og bonde i Vestnes.) Etter eit kort opphald på hamna i Molde gjekk ferda gjennom Julsundet, «forbi Bu eller Boe som det skal skrives», og i motvind over Hustadvika til Kristiansund.

På ferda som starta i Kristiania 16. august 1850, fekk han ein alvorleg magesjukdom. Etter mykje liding søkte han doktor i Vågå. I brev til professor Unger fortel han at han skrangla av stad gjennom Lesja og Romsdalen. Veret var kaldt med snø i fjella og regn ned gjennom Romsdalen. «Romsdalen er meget trang med frygtelige Fjelde. Omegnen* ved Næsset er meget vakker.» Han nemner at han var mykje sjuk på ferda vidare mot Solnør.

Siste gongen Aasen besøkte Romsdal var i juli 1886. Han kom med dilligensen gjennom Gudbrandsdalen. Anders Hovden skriv: «Han hadde berre tunne klede. Sumaren var kald, han fraus mykje. Men han var hardbalen og seighelsa.» I dagboka fortel Aasen at han betalte 40 øre for middag på Horgheim. Han tok båten

* Veblungsneset

«Molde» til Molde. Veret var kaldt med skodde i fjella. Han nemner «Prægtige Fosser». I dagboka kan ein lese for 7. juli: «Standset i Molde. Bare Regn og Søle, koldt og uhyggeligt. Ingen Udflukter.» Han overnatta på hotell «Molde» for kr 12,60. Frå Molde reiste han med «Jupiter» om Ålesund til Ørsta.

Dette var siste gongen han besøkte heimstaden. Årsaka skulle først og fremst vere at bror hans låg på sitt siste. Aasen betalte gardsgjelda for sonen hans då.

Som ein ser vart det ikkje så mykje av granskingsferder til Romsdal. Han nemner at han kjende noko til romsdalsmålet før han starta med målgranskingsferdene sine. Me veit at han i sju år hadde vore busett på Solnør, og det er ikkje så langt unna. Ein må rekne med at han i denne tidbolken stundom hørde romsdalsk tale.

Ein av venene i Kristiania-tida var tresfjordingen Lars Skjegstad (f. 1831). Skjegstad fortel i sine oppteikningar at han ein gong i samtale med Aasen kom til å nemne ein mann som slo to store «lyro» på leppa si når han tala. Aasen ville med ein gong vete om ordet *lyre* vart brukt i andre samanhengar. Så fortalde Skjegstad at han ein gong hadde hatt eit par *griselêrssko* som det i våtver slo seg store «lyro over oklan» på. Aasen kunne så opplyse at ordet i gammalnorsk mest vart brukt om rundingen mot framstammen på ein båt. Ein finn ordet i Aasen si ordbok med tilvising til Romsdal.

Det er ikkje så ofte ein finn Romsdal attom ord i ordboka. Ein finn mangt eit ord som ein skulle tru var typiske romsdalsord, men dei er heimfesta til andre distrikt.

Mellom orda som er heimfesta til Roms-

dal, er mellom anna *seggje*. Han skriv at det er om lag det same som *megge* eller *kjelle*.

Han skriv at *mad* mange stader er fiske- eller helst sildeyngel. Så føyer han til: «I Romsdal er “Ma” ogsaa: Savspaan. Masse af meget smaa Spaaner.»

Ved *fjalg* og *fjelge* er Romsdal ført opp saman med Nordfjord og Sunnmøre. Framleis veit romsdalingar kva det er å fjelge seg. Ein set seg ved omnen når ein skal fjelge seg (verme seg). *Fjom* er oppført for Romsdal. Han fører opp *skrælen* for «svag, kraftløs» frå Romsdal og Nordland. Få romsdalingar nyttar nok dette ordet i dag.

Han fører opp at *gaare* på Helgeland er ein «Taabe, Tosse». Merkeleg nok nemner han ikkje her Romsdal. Dette har vore eit vanleg ord her, truleg heilt frå gammalnorsk tid. I gammalnorsk har ein skriftbelegg for *gárungr*. *Gåre* og *gárung* bli framleis brukt. Det hollandske ordet *guit* som i norsk har fått forma *gut*, tok folk her langs kysten truleg i bruk då sambandet med Holland vart så viktig. Ein har her eit eksempel på at eit utanlandsk ord vart sett på som finare og betre enn dei norske orda ein hadde for same tingen.

I Norsk Navnebog (1878) nemner Aasen at i Romsdal er mannsnamnet *Løve* i bruk. Ein som var fødd kring 1910 innst i Fannen (Fannefjorden), sa at dei gamle der då kalla han for *Leive* [Le:ve]. Åsen og andre har meint at dette er same namnet som *Lodve*. Men er det det?

Molde mållag 1992

Kåre Magne Holsbøvåg